

Stranda kommune

Vass- og avløpsgebyr 2026

Vedteke av Stranda kommunestyre 17.12.2025 med heimel i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr vedtatt 24.11.2021.

Kommunestyret vedtar årleg nytt gebyrregulativ i samband med budsjettbehandlinga.

Tilknytingsgebyr er et eingongsgebyr som skal betalast for tilknyting til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg. Gebyret skal betalast ved tilknyting av:

- a) Tilknyting av eigedom.
- b) Tilknyting av eigedom som kommunen krev tilknytt.
- c) Eigedom med tilknyting som ikkje er godkjent.

For bustadar skal eingongsgebyret for tilknyting utgjere eit fast beløp per bueining.

For næringseigedom skal eingongsgebyret for tilknyting utgjere eit fast beløp per brukseining som er tilknytt.

For kombinasjonseigedom skal det betalast gebyr for kvar del etter reglane over.

Tilknytingsgebyret skal være betalt før tilknyting.

Årsgebyr for vassforsyning og avløpshandtering er todelt:

Abonnementsgebyr:

Eit fast årleg gebyr for kommunens vass- og avløpstenester. Inntektene frå gebyret skal fortrinnsvis dekkje tenestenes kapitalkostnader. I 2025 forventast dette å utgjera ca. 41% for vatn og 52 % for avløp.

Forbruksgebyr:

Blir fastsett anten etter faktisk vassforbruk eller stipulert etter størrelsen på bustaden. Stipulert forbruk reknast ut ifrå bruksareal multiplisert med ein faktor på 1,2 m³/m². For fritidsbustad skal faktoren være 0,6 m³/m². Bruksareal reknast etter NS-3940. Vatn- og avløpsgebyra reknast etter prinsippet vassmengd inn er lik vassmengd ut.

For eigedom som berre har utandørs tappepunkt/vasspost stipulerast eit årsforbruk til 20 m³.

Differensiert abonnementsgebyr:

Abonnementsgebyret er differensiert ut frå brukskategoriar:

- a) Bustadeigedom og fritidsbustadar: per bueining.
 - b) Eigarseksjonssameige med felles vassmålar i bygning kor det både er bueiningar og brukseiningar med næringsverksemd: per brukseining.
 - c) Nærings-, kombinasjons- og landbrukseigedom: avhengig av vassforsyningskapasiteten til den enkelte eigedom, sjå tabell under.
-

Vassmålaravlesing:

Abonnentar som har vassmålar betalar ein årleg leige for vassmålar.

Alle vassmålarar som ikkje er fjernavlesne skal lesast av ein gong kvart år innan 31. desember.

Målarstand skal rapporterast på vassmålar kort og sendast til kommunen elektronisk eller som brevpost.

Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag

Abonnenten har rett til reduksjon i gebyr ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag. Abonnenten har rett til redusert gebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varar i meir enn 24 timar. Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast forhold hjå kommunen, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Krav om redusert gebyr må fremmast innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

Gebysatsar 2026 for vatn og avløp:

Årleg abonnementsgebyr (kr/år)	Eining/tal	VATN 2026		AVLØP 2026	
		(ex. mva)	15 % mva	ex. mva	15 % mva
Bustadeigedom og fritidsbustadar	<i>Per bueining</i>	2.347,83	2.700	3.502,61	4.028
Sameige m/felles vassmålar med både bu- og brukseiningar	<i>Per brukseining</i>	2.347,83	2.700	3.502,61	4.028
Nærings-, kombinasjons- og landbrukseigedom:					
Kategori 1 (0-300 m³)	1	2.347,83	2.700	3.502,61	4.028
Kategori 2 (301-1.000 m³)	3	7.043,49	8,100	10.507,83	12.084
Kategori 3 (1.001-3.000 m³)	6	14.086,98	16.200	21.015,66	24.168
Kategori 4 (3.001-6.000 m³)	12	28.173,96	32.400	42.031,32	48.336
Kategori 5 (6.001-20.000 m³)	24	56.347,92	64.800	84.062,64	96.672
Kategori 6 (20.001-50.000 m³)	50	117.391,50	135.000	175.130,50	201.400
Kategori 7 (50.001-150.000 m³)	100	234.783	270.000	350.261	402.800
Kategori 8 (150.001-500.000 m³)	150	352.174,50	450.000	525.391,50	604.200
Kategori 9 (500.001-1.000.000 m³)	300	704.349	810.001	1.050.783	1.208.400
Sprinkleranlegg	<i>Per anlegg</i>	1.760	2.024		

Målt forbruk (kr/m³)	VATN 2026		AVLØP 2026	
	ex mva	15 % mva	Ex. mva	15 % mva
Alle abonnentar	12,38	14,24	13,55	15,58

Tilknytingsgebyr (kr) ex.mva	Vatn 2026		Avløp 2026	
	ex.va	15 % mva	ex.mva	15% mva
Sats per bueining/brukseining	8.000	9.200	8.000	9.200

Gebyrreduksjon i årsgebyret i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag:

Årsgebyret reduserast med 0,3 % per påbegynte døgn utover det første døgnet.

Vatn

Vassmålarleige (kr/år) ex,mva	2025	
Per måler	500,75	

